



Gerd Anja og Ronny Kaldestad  
Grodalsåsen 11  
5600 NORHEIMSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/589 - 16/3768

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

24.02.2016

## Retting av eigedomsgrenser i matrikkelkartet GBNR 45/112

I samband med at kommunen fekk tilsendt innmålingsdata på fritidsbygg på eigdommen 45/112 hausten 2013, vart det også sendt inn koordinatar på plassering av nokre av grensepunkta på denne eigdommen. Retting av eigedomsgrensene har ikkje vore utført, men me vil med dette informera om at det kan verte foretatt slik retting om de som heimelshavar ynskjer det, og naboane er samde i grenseforløpet.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart- eller oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser, eller manglar i kartet. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

### Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera dei med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom retting av grense ikkje let seg gjennomføra må partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dette er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt nymerka og målt på ein ettersideleg måte. Slik forretning må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at slik retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som usikker/ umålt grense i kartet, men eigdommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis stå fram som meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte/ jordskifte og merka i marka som gjeld.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Denne saka:

På dykkar eigedom har privat landmålar målt inn grensa mot vest ( gbnr. 45/29) og eit punkt ved sjøen på grensa mot aust, (gbnr 45/32). Det er ikkje dei heilt store avvika på denne grensa, men det er aktuelt å retta grensa dersom de ynskjer det. De må teikna inn grensepunktet mot vegen på grensa mot aust. De må også leggja ved kopi av skyldskiftet for eigedommen som dokumentasjon.

Vedlagt ligg kart og skjema de kan bruka til å be om retting. Me krev at naboane skriv under på skjemaet om retting, då det er eit krav at dei er samde om desse grensene.

Meland kommune føretek seg ikkje noko meir i denne saka før det eventuelt kjem inn eit formelt krav om retting av matrikkelgrenser frå dykk.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart\_framlegg om retting\_utgangspunkt  
Krav om retting\_nynorsk

**Mottakere:**

Gerd Anja og Ronny Kaldestad

Grodalsåsen 11

5600

NORHEIMSUND